



Søknad om skoleskyss grunna særleg farleg skoleveg

Denne søknaden skal ikkje nyttast for tilrettelagt skoleskyss på grunnlag av varig medisinske behov eller andre behov som ikkje er i tilknytning til en vurdering om særleg farleg skoleveg.

Skyss og skoleskyss

Vestland fylkeskommune ved Skyss er ansvarleg for å organisere fri skoleskyss for elevar som oppfyller krava om avstand i opplæringslova § 4-1. Dette gjeld elevar som har meir enn 2 km (for 1. klasse) eller meir enn 4 km (for 2.–10. klasse) mellom heimen og skolen. Dersom eleven ikkje oppfyller desse krava, ber vi om at kommunen der eleven er folkeregistrert vert kontakta.

Definisjon av særleg farleg skoleveg

Skolevegen vert rekna som den kortaste farbare strekninga mellom heimen og skolen langs brøytt veg og gang- og sykkelsti.

Opplæringslova viser til tilstanden på skolevegen, klima, trafikktilhøve på strekninga og tilhøve knytt til den enkelte eleven som grunnlag for å vurdere om ein veg skal reknast for å vere særleg farleg eller vanskeleg. Definisjonen på ein farleg veg er at tilstanden kan auke risikoen for ulukker sjølv om normer og reglar blir følgde, og at dette krev at trafikantane gjer noko ekstra for å sikre seg sjølv og andre rundt seg. Særleg farleg eller vanskeleg veg må sjåast i samanheng med dette, og blir definert av ein risiko som overgår normal fare ved å vere i trafikkbiletet (jf. Prop. 57 L (2022-2023) s. 579). Særleg farleg eller vanskeleg skoleveg inneber at vegtilhøve eller tilhøve ved den enkelte eleven gjer at eleven ikkje har dei fysiske eller kognitive evnene som er nødvendige for å ferdast trygt langs vegen.

**Personopplysninger om eleven**

ELEV			
Etternamn, fornamn		Født	
Adresse (ev. navn på staden)	Postnummer	Poststad	
Anna tilleggsinformasjon til adresse			
SKOLE			
Skole	Klasse	Kommune	
SKYSSPERIODE			
Frå dato:	Til dato:	Frå stad:	Til stad:
Frå dato:	Til dato:	Frå stad:	Til stad:

**Vegtilhøve**

(kryss av for riktig alternativ)

1. Blir heile strekninga opplevd som <u>særleg</u> farleg, eller berre deler?	Heile	Delar (spesifiser kva for ein del)			
2. Blir vegen opplevd som særleg farleg heile året, eller berre delar av året?	Heile året	Delar av året (spesifiser periode, til dømes vinterskyss)			
3. Kva er fartsgrensa på strekninga?	80 km/t	70 km/t	60 km/t	50 km/t	Under 50 km/t
4. Korleis er trafikkettleiken langs vegen?	Lite trafikk	Middels	Stor trafikkettleik		Stor trafikkettleik m/ mykje tungtrafikk
5. Dersom eleven må krysse vegen, er det gode og oversiktlege kryssingspunkt langs vegen?	Ja	Middels (spesifiser)	Nei, det manglar oversiktleig kryssingspunkt		Elev treng ikkje krysse vegen
6. Er det lagt til rette for fotgjengarar langs vegen (med fortau, gang- og sykkelveg, over- eller undergangar)?	Godt lagt til rette	Noko lagt til rette (spesifiser korleis)		Manglar tilrettelegging	
7. Er det lys langs vegen?	Ja	Nei		Dersom ja, er det tilstrekkeleg på vinterstid?	
8. Er vegen smal, slik at det er vanskeleg å gå utanfor køyrebanen?	Nei	Nokre stader		Ja, vegen er smal og det er vanskeleg å gå utanfor køyrebanen	
9. Er der sikthindringar som skarpe svingar, bakketoppar, utkøyrslar og tett vegetasjon?	Nei	Moderate sikthindringar (spesifiser)		Ja, der er klare sikthindringar (spesifiser)	

**Eleven sineføresetnader**

Dette gjeld berre eleven sine føresetnader for å ferdas langs den aktuelle vegen.

1. Kva klassetrinn går eleven i?	1. klasse	2–4. klasse	5–7. klasse	8–10. klasse	
2. Kor høg er eleven? (Vekstgraden er relevant for synsfeltet)	Under 120 cm	120–150 cm	151–165 cm	Over 165 cm	
3. Har eleven hatt trafikktraining og opplæring? (Skolen og føresette er ansvarleg for å gje elevar trafikkopplæring)	Ja, på skolen	Ja, med foreldre	Noko trafikktraining	Lite trafikktraining	Inga trafikktraining
4. Har eleven normal risiko- og konsekvensforståing for alderen?	God	Ganske god	Avgrensa (spesifiser)	Lita forståing av risiko og konsekvensar i trafikkbildet (spesifiser)	
5. Er det andre relevante opplysningar spesifikt om eleven som ein må ta med i vurderinga?	Nei	Ja (spesifiser)			

Andre kommentarar som gjeld skolevegen og elevens føresetnader:

NB! Det er viktig at vegtilhøva og aktuelle tilhøve ved den enkelte eleven blir skildra så detaljert som mogleg.

Søknad om tilrettelagd skoleskyss grunna særleg farleg eller vanskeleg skoleveg skal sendast til skolen i samband med søknad om skoleskyss.